

# Kandidatur 2783

## INNHOLDSLISTA

1. O. INNLEITING s. 1
2. O. ELEVANE OG SKULEN s. 2
3. O. ELEVKUNNSKAPAR s. 4
  3. 1. Ragnhild s. 5
  3. 2. Leif s. 6
  3. 3. "ettergjevande eller autoritær". s. 8
4. O. OM GRUNNLAGET FOR UNDERVISNINGI s. 10
5. O. UNDERVISNINGSBOPPLEGG s. 12
  5. 1. Folkevisa Olav og Kari s. 14
6. O. FRAMTIDI FOR ELEVANE s. 16
7. O. TO GYN s. 18
  7. 1. personlæge oppfatningar s. 18
8. O. AVSLUTNING s. 20

PENSUMLISTA FOR LARS BJARNE MARØY.  
PÅBYGNINGSSSTUDIET I PEDAGOGIKK.

ELEV-LÆRER-SKOLE Bjarne Indseth, Erling Kokkersvold, Karin Vereide, ad Notam Gyldendal, 1994. 173 sider

Individuelt lærerplanarbeid, Thomas Nordahl og Terje Overland, ad Notam Gyldendal, 1992, 189 sider.

Spesialpedagogisk lærerplanarbeid, Arve Sunnestad, Universitetsforlaget, 1991, 149 sider

Læreren som leder, Kjell Horn, Cappelen Akademisk forlag, 1995, 265 sider.

Litteraturundervisning, Teori og Praksis, Anne Kari Skordhamar, Tano, 1993. 137 sider.

Til sammen 913 sider

## Innholdslista.

- 1.0 Innledning
- 1.1 Problemstilling
- 1.2 Grunngjeving og forklaring for framstilling i oppgåva
- 1.3 Definisjon
  
- 2.0 Problematisering med utgangspunkt i planverket 7. klasse
- 2.1 Gjennomgang av viktige formuleringer
- 2.2 Norsk nasjonalkjensla. Ein illustrasjon.
- 2.3 Ein lokalhistorisk innfallsvinkel
- 2.4 Rollespel. Veik fagmetodikk og vanskar med å konkretisera lærestoffet.
- 2.5 Lærebokvurdering/-kritikk
  
- 3.0 Dryfting av undervisningi
- 3.1 Råmevilkår for undervisningi
- 3.2 Grunnlag for undervisningsopplegg
- 3.3 Piagets stadieteori og utnytting av teorien i skulesamanheng.
- 3.4 Var undervisningi for abstrakt
- 3.5 Piaget og Vyotsky
  
- 4.0 Problematisering med utgangspunkt i planverk 8. klasse
- 4.1 Introduksjon av motsetnader
- 4.2 Personleg målsetjing og gjennomføring av undervisningi
- 4.3 Oppsummering
  
- 5.0 Dryfting av undervisningi
- 5.1 Elevstyrd utgangspunkt
- 5.2 Framleggjing av svært abstrakt lærestoff.
- 5.3 Undervisningsprogressjon
- 5.4 Fra det konkrete til det abstrakte.
- 5.5 Undervisningsfilosofi
  
- 6.0 avslutning/konklusjon

1.1

I grunnskulelovi heiter det at skulen skal formidle ein nasjonal kulturarv. I den generelle lereplanen vert det nytta uttrykk som nasjonal identitet og nasjonale sordrag. Mi spørsmålsstilling til desse formuleringane er : Greidde eg som lærar å formidle ein nasjonal identitet til elevarne mine i praksisperioden ?

1.2

Eg valde å taka utgangspunkt i formulering i nasjonal kulturarv avdi denne formuleringi var den eg fann i grunnskulelovi, som skal vera retningsgjevande for lærar- og fagplanane. Mange vil vel fyrst og fremst tenkja på norsk nasjonal kulturarv. Det kan verka som eit langt sprang å gå fra nasjonal kulturarv til nasjonalismen innanfor nazismen. Men lereplanane nyttar eit omgrep som sjævinistisk nasjonalisme. Når eg har valt å taka utgangspunkt i nasjonal kulturarv har det vore for å starta ein stad.

I min praksisperiode underviste eg i nazismen i ein 8 klasse og seinare i emnet Noreg før og i 1814 i ein 7 klasse. I samband med undervisingi i nazismen vil eg serleg leggja vekt på formuleringar om at elevarne skal kunne skilje fedrelandskjerleik frå sjævinistisk nasjonalisme. Desse formuleringane finn eg i den rye lereplanen fra 1995. I oppgåva vil eg leggja mest vekt på undervisningsopplegget og reaksjonane frå elevarne i hver klasse.

1.3

Omgrep som nasjonal og nasjonalisme vil stå sentralt i oppgåva. Desse omgrep, og då serleg nasjonalisme, vert definert svært ulikt i samfunnsidebatter og elles, difor ser eg grunn til å presentera ein definisjon av nasjonalisme.

Nasjonalisme vert m.a. definert slik i Aschehougs og Gyldendals leksikon :

" Politiske ideologier eller idérettninger som er basert på prinsippet om nasjonens, særlig den homogene nasjonens egenverdi. Nasjonalismens understrekning av det nasjonale innebefører først og fremst at nasjonalstaten oppfattes som den eneste naturlige eller normale politiske enhet ...  
... Undertiden kan nasjonalismen i et land, særlig et maktig land, bli så sterk at den fornærker andre nasjoners rett til nasjonal uavhengighet. Den tyske nazisme og den italienske fascismen var slike ekstreme former for nasjonalismen."

I praksisperioden min var det to stykke som skulle undervisa 7 og 8 klasser i praksisperioden. Eg underviste 7 klassen i 3 veker og 8 klassen i tre veker.

## 2.0 Problematisering

### 2.1 Gjennomgang av viktige formuleringar i undervisningsplanar.

Eg vil først djupa ut omgrepene nasjonal kulturarv med å visa til den generelle læreplanen. Under emnet Nazismen vil eg trekke inn andre utdypinger fra denne planen og fra læreplanen av 1995.

I den generelle læreplanen heiter det at :

"Opplæringen skal derfor ivareta og utdype elevenes kjerneskap til nasjonale og lokale tradisjoner -der hjemlige historie og de sørdrag som er vært bidrag til den kulturelle variasjon i verden." s.9

Vidare heiter det i utkast til ny læreplan av 20.07.1995 at

"Elevane skal kunne skilje fedrelandskjærleik og nasjonal identitet fra sjævinistisk nasjonalisme."

Ordleggingen i den generelle lereplanen må tolkast som ei utdjuping av grunnskulelovi. I grunnskulelovi vert det snakka om nasjonal kulturarv. I den generelle lereplanen vert det peika på nasjonale tradisjoner og "den hjemlige historie". Planen snakkar elles eit par stader om nasjonale særdrag. Dessutan skal elevane læra innhaldet i omgrep som fedrelandskjærleik og nasjonal identitet.

Utfra emnet 1814 i Noreg vil desse formuleringane vera aktuelle. Det er vel vanskeleg å få fram ein sjævinistisk nasjonalisme i samband med eit slikt emne. Det er sjølvsagt høve til å spela på Napoleons ekspansjonistiske politikk, men Noreg/Danmark var sjølv i allianse med Frankrike og Napoleon. Men sjølv om eg ikkje ser noko høve til å formidla innhaldet i ein sjævinistisk nasjonalisme, meiner eg det er viktig å formidla omgrep som fedrelandskjærleik og nasjonal identitet.

2.2 Norsk nasjonalkjensla ein illustrasjon.  
Eg fekk fram nasjonalkjensla i Det Norske Selskab (jmf. lereboki) på slutten av 1700-talet ved ein skjønnlitterær rekonstruksjon. I eit tekstutdrag eg la opp held Jonas Rein, ein norsk patriot, tale om Noregs sjølvstende med utgangspunkt i fransk opplysningsfilosofi. Han vert avbroten av ein kongeleg utsending som kjem med brev til Johan Nordal Brun som òg var tilstades. Når den kongelege utsendingen kjem inn trekkjer han attende alt han har sagt avdi han er redd for represalia fra kongen. Denne kontrasten mellom nasjonalkjensla og nasjonal stemning og lojalitetsskyldnaden til unionskongen i Danmark fekk elevane med seg. Dobbeltmoralen var openbarr. Det

var ein og annan som nota med forskjellige tal i læreboki på prøven, men alle visste at 1770 var knytt til norsk nasjonalkjensla.

8.3 Ein lokalhistorisk innfallsviseskjel  
Eg starta ein del av undervisningi med eit lokalhistorisk poeng. Eg syntet eit plansje av Christie-statuen ved Zoologisk Museum. Det var langt ferre som kjende att statuen og umrisset av gata enn eg hadde trudd, men eit par kjende seg att.  
Gjennom å visa plansjar frå Bergen i 1814 understrekka eg at det var innkalling til Eidsvoll frå heile landet. Eg las òg opp frå politiske diskusjonar i Bergen. Der det kom fram ulike syn på Noregs framtid. Kongedøme versus republikk var eit kjerneemne her. Naturrettstenkjing stod mot kongetruskap. Både naturrettstenkjingi og kongetruskaperen er nok viktige delar av norsk nasjonalisme. På den eine sida er Noreg eit egalitært samfunn. På den andre sida er med knytt til monarkiet som styreform. Det eg ville at elevarne skulle sitja att med av desse diskusjonane var at det skjedde samrådingar lokalt før ein skildutsendingane kom til Eidsvoll.

Diverse greidde eg ikkje å kopla denne lokalhistorikken til læreboki, som skriv om kyrkjeaval og kyrkjeeid. Det var nokre av elevarne som greidde å slå fast at det var eit mellomspel mellom Kielfreden og grunnlovsforsamlingi på Eidsvoll. Men dei fleste hadde fest seg langt meir ved Eidsvollsforamlingi. Dette kann ha samanheng med at dei fekk eit portrett av Eidsvoll som dei linte inn i arbeidsbokene.

Røynslone mine med å trekka fram lokalhistorikk og skjennlitterære tekstutdrag var noko blanda. Når læreboki var så detaljert og faktaorientert tykte eg det var vanskeleg å få elevarne med på ei sammafatning av lærestoffet. Da vart det òg

vanskøleg å få fram lokalhistoriske illustrasjoner.

2.4 Rollespel. Fagmetodikk og konkretiseringsvanskar.  
I ein time valde eg å leggja stor vekt på eit  
rollespel. Elevarne skulle vera aktivt med og dette slo an. Dette  
morsomme rollespelet var knytt til den franske revolusjonen, og  
eg nytta det som ein innfallsinkel til å forklåra  
maktfordelingsprinsippet. Det viste seg at både nokre av dei  
flinke elevarne og nokre av dei mindre flinke elevarne hugsa å  
trekkja fram maktfordelingsprinsippet, men det var fleire både  
flinke og mindre flinke som ikkje fekk dette med seg. Det heng  
nok saman med fagmetodikken. Eg forklåra ikkje kva eg skulle  
visa før eg sette i gang rollespelet, slik at elevarne kunne  
fylgja med. Eg forklåra alt etter på og endå om eg fekk knytt  
maktfordelingsprinsippet til noko handfast som den kriminelle  
lægderen vart denne fagmetodikken for dårleg.

Det var greidt å visa til dei reaksjonane som ein fransk  
intellettuell mette av "vanlege folk" i Bergen. Den franske  
intellettuelle mannen reiste til Bergen saman med ein bergenesk  
sjømann. Den bergenesk sjømannen var i slekt med ei krovertinna  
i Bergen og tok franskmannen med til ei kro i Bergen. Den  
bergenesk krovertinna fer høyra om dei revolusjonære  
hendingane i Frankrike og reagerer med sterke sinnrørsjon.

I Noreg/Danmark stend det eineveldige kongedøme trygt og  
kristendomen like eins, men i Frankrike er det heilt omvendt.  
Kongetruskaper og truskaper til kristendomen hjå den bergenesk  
krovertinna vart klår, og eg kunne understreka denne truskaperen  
samarlikna med revolusjonen i Frankrike som førde til opprørt  
mot kongemakti og avvising av kristendomen (sjå  
vedlegg). Avvisingen av kristendomen illustrerte eg med å visa  
till at frankmennene innferde tidagens veka. Men dette vart

tydelegvis for abstrakt i utgangspunktet, og eg hadde ikkje meir tid til rådvelde.

2.5 Lærebokvurdering/-kritikk  
Men det var òg andre sider ved lærebok i som eg tykte var problematiske. Den fyrste bolken av bok i frå sida 114-117 var greid. Men det var verre etterkvart som me arbeidde vidare. Det europeiske perspektivet vart borte her og der i framstellingi. Eg prøvde fleire gonger å trekkja inn det som skjedde med Napoleon samstundes med oppristen i Noreg, og peika på at Sverige ikkje kunne gå til krig mot Noreg før den svenske heren hadde vore attende i Europa og siege Napoleon i endelige kampan. Da eg drog inn Napoleon vart elevane forvirra. Dei greidde ikkje å forstå det abstrakte innhaldet i eit omgrep som Napoleonskrigane. Eit uttrykk som læreboki nyttar. Dei blanda inn andre kunnskapar som dei måtte ha om Napoleon og kom med eit par avsporingar.

Eg meiner det er grunnleggjande at elevane får tak i den europeiske situasjonen før dei kann forstå den norske oppristen og den ferdrelandskjærleiken som leidande nordmenn la inn i striden for eit sjølvstendig Noreg. Difor la eg òg stor vekt på å repetera alliansane for og mot Napoleon. Desse alliansane hugsa elevarne godt til prøven.

#### Dryfting 7 KLASSE 3.0

##### 3.1. RÅMEVILKÅR FOR UNDERSKJEFINGI i 7 KLASSE

Undervisningi i 7 klasse omfatta tidi før og i 1814. P.g.a. utanforliggjande årsaker fekk eg svært dårlig undervisningstid i denne klassen. Eg måtte og ha ein prøve med elevarne, difor vart undervisningsopplegget svært stramt.

I ein av timane var eg ikkje til stades. Eg måtte vera med på ein ekskursjon med den 8 klassen me hadde hatt før.

Parkameraten min tok denne timen. Han fikk mytte 15 minutter til å gjøre ei vurdering av eit gruppearbeid han hadde hatt med dei.

Eg tapte til saman to timer. Ein av timane hadde elevane hatt fri. Den neste var eg borte. I tillegg til dette var eg trvinga til å forlate endå ein time avdi eg skulle til dokter.

Elevane hadde tre samfunnsfagstimer for veka. I to av desse timane hadde elevane matpause, difor vilde eg å mytte matpausane til opplesing. Ein av desse matpausane fall bort fordi rådgjevaren på skulen kom og skulle gjennomga valfaget tilbodet.

3.2 grunnlag for undervisningsopplegg  
Lerestoffet var abstrakt og eg valde å mytte to verkemiddel til å gjera det enklare. For det første la eg til rett nokre skjerm littørere tekstdrag. To tekstdrag bygde på lokal historie. Forteljingane redigerte eg fra bok i "Vore Bedsteforeldre" av Kristofer Janson. For det andre mytte eg svært mange plansjar som var beinveges knyttet til lerestoffet. Plansjane laga eg av sentrale motiv fra 1814. Eg la upp til fleire timer med plansjar og skjerm littørere forteljingar. Dessutan fann eg ut at eg laut bruka kart.

3.3 Piagets teoriar i skulesamanheng.

Piagets fasemodell skil mellom fire utviklingssteg eller stadium i den kognitive utviklinga. Dei er det sensorisk-motoriske stadiumet, det preoperasjonelle stadiumet, det konkret operasjonelle stadiumet og det formelt operasjonelle stadiumet. Under det sensorisk-motoriske stadiumet tenker barnet utfra kjenslar og førsalar. Under det preoperasjonelle

stadiumet er ikkje barnet i stand til å tenkja logisk. På spørsmål om t.d. kva som er tyngst av eit kilo dun og eit kilo bly vil barnet svara bly. Det fører ikkje med seg at vekti, eitt kilo, er den same utan omsyn til kva slags objekt ein veg. I det konkret-operasjonelle stadiumet kan elevane tenkja logisk og utføra tenkjeoperasjoner for seg sjølv. I det formelt-operasjonelle stadiumet kan elevane tenkja v.h.a. ord og omgrep. Dei kan tenkja abstrakt.

Rognaldsen (1983 s.41.) tek utgangspunkt i Piagets teori og gjev døme på kva undervisningsmidlar kvart stadium opnar for. Utfrå den måten eg les Rognaldsens ser det ut til at dei rollespeli eg hadde med klassen vil kunne plasserast inn under dramatisering som då igjen vil gå inn under det pre-operasjonelle stadiumet. Men når eg utnyttar rollespeli seinare i undervisningi nytta eg eit kort lærarforedrag. Då gjeng eg over i det formelt operasjonelle stadiumet. Like eins kan dei plansjane eg nytta i undervisningi skifta frå å sentrera seg om det konkret operasjonelle stadiumet som Rognaldsen visst nok vil plassera det under til det både lågare og høgare stadium alt etter som eg steller spørsmål til elevarne. Eit viktig spørsmål er om eg greier å få til ei god nok undervisning utfrå medvitet om denne modellen til Rognaldsen.

#### 3.4. Var undervisningi for abstrakt?

I samband med det rollespelet eg knytte opp til den franske revolusjonen fungerte det därleg å gå frå noko konkret til nok meir abstrakt. Elevarne greidde ikkje å forstå samanhengen og eg greidde ikkje skjera bort dei kunnskapsforventingane som eg hadde til elevarne. Sjølv tenkte eg at det skulle vera kurant å

snakka om storting og regjering til elevane. Eg trudde dei visste ein del om tilhøve mellom storting og regjering, men det gjorde dei visst nok ikkje. I utgangspunktet hadde eg trudd at eg skulle sleppa å gå inn på dette.

Eg trudde eg kunne nöya meg med å peika på den rolla maktfordelingsprinsippet fekk for at nordmennene og Kristian Fredrik i det heile teke samla seg på Eidsvoll. Tanken om at ein kunne ha eit storting og ei regjering og domstolar som fungerte uavhengig i motsetnad til det eineveldige kongedøme tykte eg var eit svært avgjerande poeng for å formidle nasjonal identitet. Maktfordelingsprinsippet og folkesuverenitetsprinsippet var grunnlaget for at Noreg kunne bynja å oppfatta seg sjølv som ein selvstendig nasjon. Men dette greidde eg ikkje å få fram på ein overtydande måte. Istadenfor laut eg nytta tid på å understreka kva oppgåver storting og regjering har. Eg fekk òg avsporande spørsmål om den franske revolusjonen. Eg kom rett og slett ikkje ned på elevane sitt nivå. Og eg greidde ikkje å konkretisera det eg ville fram til på ein enkel og greid måte. Rollespelet vart langt på veg eit tankesprang bort frå undervisningi. Men eg ville nok ha tent på ein betre fagmetodikk som eg peika på ovanfor.

3.5. Piaget versus Vygotsky.  
Når eg vurderer undervisningi mi ovanfor tek eg utgangspunkt i Piagets stadisteori. Piaget vil hevda at ein må tilrettelegga undervisningi ned mot det nivået elevane ligg på. Utfrå teoretikaren Vygotsky løt vel likefullt min undervisningsmåte seg rettferriggjera. Vygotsky er mindre interessert i kva elevane kan forstå alleine enn det Piaget er. Dei som omtalar Vygotskys teoriar nyttar eit omgrep som stettande stilas. Læraren eller andre skal hjelpe eleven til å

koma fram til rette konklusjonar. Utfrå denne teoretikaren vil det vel vera naturleg å understreka at det var positivt at elevane byrja å stella spørsmål og at eg laut forklara og leia dei fram mot det som var mitt mål for undervisningi.

#### 4.0. Problematisering B klasse

##### 4.1. Introduksjon av motsetnader

I utkast til ny lereplan av 20.07.1995 heiter det at "Elevarne skal kunne skilje fedrelandskjærleik og nasjonal identitet fra sjävinistisk nasjonalisme."

A skilje ulike uttrykk av nasjonalisme kan vera problematisk.

Det er vanleg å skilje mellom nasjonalismen brukar politisk og nasjonalkjensla. Sume snakkar om ein kulturell nasjonalisme. Men i praksis kan grensene vera flytande. Dette er den generelle lereplanen merksam på.

"Oppleringen har en rekke tilsynrelatende motstridende formål:

--- Å kjerme og pleie nasjonal arv og lokale tradisjoner for å bevare egenart og særdrag – og åpent møte andre kulturer for å kunne gledes av mangfoldet i menneskelige ytringsformer og å lære av kontraster."

s.40

Punktet om sjävinistisk nasjonalisme i den nye lereplanen 1995 (frå no, nl.1995) vert aktuelt i samband med undervisningi i nazismen. Nasjonalismen innanfor nasjonal-sosialismen førde til urimelig og sterkt forskasteleg framheving av nasjonal-eigenart. Hitlers raseløse brennmerkte folkegrupper utfra statiske kjennmerke som hufarge og nasjonal tilhøyrsle.

##### 4.2 Personleg målestjing og gjennomføring av undervisning.

Ein ting er å få elevane til å taka avstand fra Hitlers raseløse. Noko anna er det å få elevane til å knyta den nazistiske ideologien til det tysk samfunnet i

mellomkrigstidi. Den nazistiske ideologien fekk konsekvensar for einskildmenneske.

Eg ville at elevarne skulle kunne identifisera seg med dei som levde i det nazistiske diktaturet, difor nytta eg nokre objekt til å peika på dette. I den eine timen hengde eg opp eit portrett av Hitler bak i klasserommet før eg sleppte elevarne inn. Dette skapa sterke reaksjonar. "Kvifor heng Hitler på veggen", spurde nokre meg om.

Då eg innleidde timen bad eg elevarne tenkja seg at deira klasserom var eit klasserom i Nazi-Tyskland. Eg forklara dei at i Nazi-Tyskland ville det ikkje vere usannsynleg at det hang Hitlerportrett i klasserommi. Eg spurde elevarne om det var naturleg at statsleiaren i eit land var opphengt i eit klasserom eller ein heim. Ville de hengja opp Gro Harlem Brundtland heime. Det fekk eg eit klart nei svar på.

Deretter teikna eg ein hakekross på tavla. Det motte sterke reaksjonar. Elevarne vart nok sterkt forundra over at eg kunne teikna eit slikt fy-symbol på tavla. Då eg spurde dei om kva dette var før eit teikn fekk eg svært mange hender i veret, og fleire hadde ulike svar som solkross, svastika, hakekross. Ein meinte at Hitler brukte hakekrossen som eit symbol på kraft. Eg sa òg at det mykje vel kunne haenga ein hakekross i klasserommi i Nazi-Tyskland. Dessutan måtte kanskje elevarne gjera Hitlerheiling kvar gong dei skulle eller var ferdige med å sei noko.

Etter at eg hadde avslutta denne sekvensen skulle elevarne lita inn nokre biletet, og eg fekk take ned biletet av Hitler og stroke ut hakekrossen. Eg tykte dette var sterke verkemiddel i undervisninga, og ville ikkje at dei skulle fylgja med i resten

av undervisningi.

Seinare i undervisningi spela eg på kontrasten mellom Hitlers hetske portrett som eg viste på ein plansje og blide og koselege NS-soldatar som drog tau. Soldatane var Hitlers overmenneske høge, atletiske, blonde og kraftige. Hitler var låg, ikkje vidare sterk og hadde myrkt hår. Mange var kritiske til Hitler. Og når eg kom inn på Hitlers innvandringspolitikk som m.a. gjekk ut på senda ut alle som hadde flytta inn til Tyskland etter 1919 eller som hadde jødisk blod, var det mange som sa : Hitler var jo jøde og innvandrar. Eg hadde ikkje tid eller høve til å granska ein slik påstand.

#### 4.3 oppsummering

Eg tok likevel denne utsegni som eit signal på at elevarne hadde fengje med seg at det nyttar ikkje å framstella seg med ei nasjonal eigenart som ikkje er røynleg. Hitlers overmenneske var eit maktmiddel til å definera ut menneske utfra hufarge og nasjonalitet. Ein høgverdig arisk rase finst ikkje. Dette poenget fekk elevarne med seg.

Eg trur elevarne identifiserte seg med dei menneski som levde i Nazi-Tyskland; men eg greidde ikkje å gjera noko stort poeng av parallellet til eit klasserom i Nazi-Tyskland seinare i undervisningi.

#### S.0. Dryfting Ø klasse

#### S.1. Elevstyrt utgangspunkt

Eg starta undervisningi i Ø klassen med eit kort gruppearbeid på 15-20 minutter. Elevarne hadde hatt ei leksa om Nazismen. I leksa var det sett opp ein del hovudpunkt om Nazismen. Under gruppearbeidet synte det seg at elevarne ikkje hadde klare idear om kva ein ideoologi var for noko. Dei kunne ikkje samanlikna ulike ideologiar og var lite i stand til å plukka ut serdrag ved den nazistiske ideologien.

5.2. Framleggjring av svært abstrakt lærestoff.  
Timer etter gruppearbeidet nytta eg til å gå gjennom omgrep som ideologi, demokrati, diktatur, sosialisme, kapitalisme og rassisme. Det var stort sett berre dei flinkaste som rekte opp handi. Elevane noterte, og alle fekk med seg definisjonen av ideologi. Eg definerte ideologi som : Den måten makthavarane eller dei som ønskjer å verta makthavarar grunngjev kva for dei skal ha makt.

5.3 undervisningsprogressjon  
Eg hadde no nytta halv annan time på oppdaga eit problem som elevane og prøvd å leysa kunnskapsmangelen. No laut eg sjå om eg kunne få med meg heile klassen. Denne klassen var lett å få kontakt med, og eg prøvde mange slags krumspring for å koma ned på elevane sitt nivå.

Timen etterpå nytta eg til repitasjon. Eg prøvde å gjera omgrepi mest mogleg konkrete og dagnære for elevane. Mange av elevane kunne fylgja meg. Eg fekk eit par av elevane til å diskutera kor vidt det er demokrati i USA. Den eine meinte at det var det og den andre var usand. Defineringi mi gav kanskje rom for diskusjon. Eg definerte demokrati som at ein kan seia og meina kva ein vil. Men sjølv om det heiter seg at ein kan seia og meina kva ein vil, er det langt frå alltid at ein vinn fram, særleg ikkje når ein har sterke pengerinteresser i mot seg. Difor la eg inn eit tillegg til definisjonen som då vart : Ein kan seia og meina kva ein vil, men det er ikkje alltid ein vinn fram.

Når eg skulle få fram skilnaden på demokrati og diktatur og mellom sosialisme og kapitalisme oppdaga eg at det verdsbiletet som eg var vaksen opp med under den kalde krigen ikkje eksisterte i den nye verdspolitiske reynndomen. Elevane var ikkje helt framande for perspektivet med eit socialistisk diktatur Sovjet og eit kapitalistisk demokrati USA, men dette

perspektivet er i ferd med å forsvinne hjå oppvekste  
generasjonar. Eg freista i staden å samanlikna med  
statsverksemder som NBS og private verkesemder og private  
føretak.

Når eg hadde greidd å få elevane noko lunde med på desse  
grunnleggjande omgrepi byrja eg å gå meir detaljert til  
verke. Eg fekk elevane til å skriva opp det dei kunne knyta til  
nazismen på eit ark som dei leverte inn til meg. Eg gjekk  
gjennom kvart ein skilt ark og laga ei stikkordlista som  
elevane fekk utdelt.

I tillegg til dette satte eg opp definisjonane mine og  
hovudpunkt innanfor nazismen på eit ark. Eg gav elevane  
oppgåver frå arket som dei skulle arbeida med. Oppgåvane var  
krevjande, og elevane skulle arbeida i grupper. Det viste seg at  
elevane var veldig avhengige av hjelp til å koma i gang, men  
sjølv fleire av dei mindre flinke elevane fekk tenkt igjennom  
den nazistiske ideologien.

8.4. Frå det konkrete til det abstrakte.  
Kvar gong eg snakka om arbeidarrørsla kom eg inn på elevane  
som arbeidstakarar. Korleis ville de reagera om de hadde ein  
sumarjobb og fekk ei luselen. Kven ville det verta sinte på  
dersom de var arbeidslause. Det ideelle i slik situasjoner var  
om elevane byrja å koma med framlegg til einannan, men dette  
oppnådde eg ikkje so ofte.

Eg såg dei som mi oppgåva å setja i gong tankeprosessar hjå  
elevane. Eg fekk dei til å tenkja seg den økonomiske kriza  
Tyskland var inne i. Kva ville de ha gjort dersom ein av dykk  
var finansminister spurde eg. Elevane viste evna til å  
abstrahera her. Nokre svara at dei kunne taka opp lån. Andre at

dei kunne skjera ned utgiftene, eller trykkja opp fleire pengar. Grunnen til at elevane greidde å abstrahera her var at me hadde hatt eit par timer om berøkaket i USA i 1929.

Eg la stor vekt på å få fram korleis Hitler grunngav si makt. Og prøvde å få elevane til å tenkja seg andre måtar å løysa den økonomiske krisa i Tyskland på.

I heile undervisningi om nazismen hadde eg ikkje noko endelag kunnskapsmål. Det viktigaste var at elevane var med i ein refleksjon som fekk dei til å forstå at nazismen var ein forkastet ideologi samanlikna med t.d. socialismen og kapitalismen. Eg greidde ikkje å få elevane med på nyanseringar av sosialisme og kapitalisme. Der laut eg gjeva opp.

- 5.5. Undervisningsfilosofi  
Eg oppfattar mykje av undervisningi mi her som prega av virksomhetsteori. Eg prøvde å få elevane til nå konklusjonar på eit konkret plan som vedgjekk dei beinveges, og så overførde eg desse konkrete tankeoperasjonane deira til abstrakte hendingar. Når dei var "sint" på ein arbeidsgjevar som betala dei for dårleg fekk eg dei til å tenkja på fagrørsla som kunne hjelpe dei i dag. Men korleis var det den i Tyskland på 1920-talet for dei som hadde vorte arbeidslause etter den første verdskrigen. Mange av dei hadde ikkje fram. Då gjekk dei mot dei gamle makthavarane og roysta på Hitler.

Etter virksomhetsteorien er det viktigare kva eleverne kan få til med hjelp enn kva dei kann få til utan hjelp. Eg la vekt på at godt som alle eleverne kunne nå eit abstrakt plan der dei tok avstand frå nazismen. Når eg hjelpte dei fram til eit slikt plan forstod dei viktige delar av nasjonaliteten eller handlingsvilkåri innanfor ein nazistisk ideologi. I samspel

sed meg kunne dei nå abstrakte konklusjonar om nazismen som  
fikk dei til å taka avstand frå denne ideologien.

I utgangspunktet var målet mitt først å skape refleksjon  
omkring nazismen og deretter vekkja til ordskifte. Dette var  
ok eit litt for ambisiøst mål, men elevane synte gode  
oppakter. Det var råd å få dei til sjå både innanlandske og  
tannrikspolitiske fylgjor av nazismen.

Et let til å ha sterkt gjennomslagskraft å visa til  
kjenslor. Mange av elevane knytte nazismen til kjenstuttrykk  
om maktgalskap, hat, hemm og vondskap. Mange fekk med seg omgrep  
om meiningseinsretting, propaganda, raselære og jødeutrydding.  
Mine innsikt i gav rom for diskusjon. Kanskje laga eg for  
miskelege spørsmål, som kravde lararhjelp, men jamt over var eg  
god med innsatsen frå elevane.

Fra ein virksomhetsorientert horisont var det serleg  
lukka å visa til kjenslor. Ved t.d. å visa til eit portrett  
ein hatefull Hitler var det lett å få elevane med på at  
tiers ideologi bygde på mistenkjelege  
skonstruksjonar. Ingen ville vel ha eit portrett hangande av  
ein so hatefull person hangande, utan at dei var anten tvinga  
er lura til det. Kjenstuttrykk var soleis ein god måte å få  
vane til å tenkja på.

## 6. O AVSLUTNING/KONKLUSJON

Eg har no teke opp ulike sider ved å formidla ein nasjonal identitet i to ungdomsskuleklassar. I både klassane har eg byrja med formuleringar i lærerplaner og fagplanar. I 7 klassen peika eg seinare på norsk nasjonalkjensla i det norske selskab. Det var nokso vellukka. Elevane kunne fylgje meg. Eg nytta ein lokalhistorisk innfallsvinkel og eit rollespel. Dette var

svært avhengig av god tilrettelegging og oppfølging. Om eg samanliknar undervisningi om Det Norske Selskab med lokalhistorikken og rollespelet, vil eg seia at di meir konkret og udiskutabelt eit poeng var, di lettare var det for elevane å få det med seg. Dessutan hadde eg innvendingar mot måten lærebok i la opp stoffet på. I ein pressa situasjon kjende eg meg langt meir avhengig av lærebok i enn eg elles ville ha vore j.m.f det eg skriv om råmeverk i under punktet 3.1. Det la sterke bindingar på undervisningi. Seinare dryfta eg m.a. teoriene til Vygotsky og Piaget.

I 8 klassen starta eg med å peika på motsetnader mellom fedrelandskjærlig og sjavunistisk nasjonalisme. Eg la fram ei målestjing med undervisningi, som var identifikasjon med menneske som levde i Nazi-Tyskland. Eg konkluderte med at eg fekk fleire tilbakemeldingar på at eg hadde nått fram. I dryftingsdelen freista eg å underbyggja undervisningi mi utfrå virksomhetsteoretisk teori.

studierettingane har vorte auka etter reform 94, og denne aukingi vert diskutert mellom både lærarar og elevar. Innanfor undervisningi i åttergruppene vart eg som lærar langt meir interessert i korleis elevane skulle læra. Det same inntrykket fekk eg av å snakka med andre lærarar som hadde åttergrupper.

#### TO SYN 7.0

Elevane i åttergruppene har rett til 5 års vidaregåande utdanning. På lærarmøtet der lærarar som hadde elevar i åttergrupper var samla, kom det grovt sett fram to syn på korleis denne tidi bør utnyttast. Eit lærarsyn var knytt til at det var om å gjera å fylla flest mogleg mål innanfor den vanlege fagplanen. På denne måten kunne elevane byggja opp delkompetanse fram mot ei avslutta utdanning. Dei som hevda dette synet meinte at det var viktig å understreka kva slags delar av eit fag ein underviste i.

Eit anna syn gjekk ut på å gjera elevane trygge i lærersituasjonen. Modulane og måli i fagplanen bind oss uturvande. Me må heller undervisa utfrå det elevane kan oppnå. Det som gjev elevane hjelp til å utvikla seg vidare. Når elevane først er vante til skolesituasjonen, og får tiltru til seg sjølv vil det vera ein veg til framgang. Etter eit år vil mange vera so trygge at dei kan byrja å få ei modulorientert undervisning, meinte dei som orienterte seg mot dette synet.

#### Personleg oppfatningar. 7.1

Personleg vil eg hella mot eit modulorientert syn. Det ville ha ført med seg at elevane måtte innom meir fagstoff. Eg tykkjer at elevar som Gunn, Leif og Ragnhild treng meir press på seg for å arbeida. DA ville det vera lettare å få elevane til å forstå at det er viktig å arbeida med faget. Ragnhild og

Leif gjorde skippertak, men eg hadde inntrykk av at dei trøng nye utfordringar når dei stoppa opp etter eit skippertak. Med ei modulorientert undervisning måtte dei ha arbeidt jammare. Eg ser tydeleg at elevar som Maria, Annikken og Rune kunne ha kome til å få mindre utbyte av ei modulorientert tilnærming. Men det kan godt vera at t.d. Maria ville ha greidt seg like bra med ei modulorientert undervisning. Ho var under alle omstende avhengig av å ha det ho skulle arbeida med framføre seg her og no. Ho ville ha vanskar med å få kontinuitet i lærstoffet i alle fall.

Eit overordna mål vert kor som er kva framtid elevane har? So mange som 50 prosent av elevarne greier ikkje å avslutta utdanningi si. Hér kjem me inn på det som vert kalla det sosiopolitiske området. Det som er overordna innanfor dette området er kva den einskilde og samfunnet er tente med. Dette må ein ha i tankane når ein skal planleggja undervisningi både for kortare og for lengre tid. Er målet at eleven skal ha fagbrev, vil ei modulorientert undervisning koma inn før eller seinare. Men om elevane ikkje er trygge i undervisningssituasjonen før ein ikkje god nok utteljing av undervisningi. Bæ tilnærmingane er soleis relevante. Spørsmålet er kor stor vekt ein skal leggja på den eine eller den andre.

Hovudprinsippet for all undervisning i åttergruppene er truleg A forenkla og A repetera. Desse retningsliniane verka det som om lærarane var samde i utan omsyn til om dei var for eller mot modulorientert undervisning. Elles er mine røynslar at det er viktig å fylgja opp elevane undervegs med biletet og med klassesamtalar. Dessutan tykkjer eg at det er viktig å utnytta

20

dei flinke og trygge elevarne ved å lata dei få presentera arbeidi eller svari sine.

Innanfor ei modulorientert undervisning vil ein møta vanskar med å få repetert nok. Skal ein arbeida med skjønnlitterære tekster som dikt, novellor og romanar er det klare grensor for kor mykje ein kan gå inn på sereigne drag ved kvar teksttype. Ein må få ein samnemmar. I ein vanleg norskklasse kan ein etter ein viss gjennomgang nytta omgrep som motiv, tema og budskap. I ei åttergruppa kunne ikkje rekna med å nytta slike omgrep før etter lang tids undervisning. Men ein kan snakka med elevarne utfrå ein struktur som byggjer opp om omgrep som motiv, tema og budskap. Dessutan kan ein leggja til rette for at elevarne kan tenkja innanfor desse omgrepi når dei les og arbeider med tekster.

Om me tek utgangspunkt i eit modulorientertsyn eller i eit syn som tek sikte på å gjera elevarne trygge i undervisningssituasjonen, er det i alle hove viktig at me som lærarar heile tidi har i tankane at når me underviser i ei åttergruppa har me eit serleg ansvar for å klærgjera både måten med underviser på og kva som er dei overordna målsetjingane for elevarne. Skal eleven ha eit fagbrev eller må me rekna med at eleven ikkje maktar å nå dette målet. 50 prosent av elevarne når ikkje dette målet j.m.f. ovanfor.

Avslutning. B.O.

Me har vorte kjende med elevarne i ei åttergruppa, og sett på korleis råmone i eit undervisningsopplegg har arta seg frå ein lærarsynsstad. Eg har dryfta tilhøve som har hemma eller fremja læring for to elevar i klassesituasjonen. Eg har trekt

20

21

inn generell informasjon om elevane som kom fram på eit lærarmøte. Vidare retta eg sokjeljøset mot kva konsekvensar og målsetjingar undervisningi skal ha for den einskilde eleven og for samfunnet. Eg gjorde so greie for eit lærarsyn som var knytt til modulane i fagplanen og eit anna lærarsyn som var orientert mot å gjera elevane trygge i undervisningsstiuasjonen. Eg konkluderte med at eg tykkjer ei modulorientert undervisningsform etter mitt syn og mine røynslor har mykje for seg. Eg peika likevel på at det sentrale og overordna er omsynet til eleven. 50 prosent av elevane når ikkje målet om fagbrev. Desse elevane skal òg sitja att med eit utbyte av undervisningi. Kor som er må lærarane vera tydelege og formalisera både kva eleven skal læra og korleis eleven skal læra. Mi røynsla er at lærarane kan gjera langt meir for å klårgjera korleis dei arbeider både med einskildelevar og med klassane/åttergruppene.

1. Inge Bø, Praktisk Oppslagsbok For Pedagogikk Og Psykologi, Universitetsforlaget, andre utgåva, 1983

2. Elev-Lærer-Skole, Bjarne Indseth- Erling Kokkersvold-Karin Vereide, s. 100-102, ad Notam, Gyldendal, 1994.

3. Thomas Nordahl og Terje Overland, Individuelt lærerplanarbeid, s. 47-50, ad Notam, Gyldendal, 1992.

4. Ibid

21